

Astri S. Måkestad
Seimshagen 32
5472 Seimsfoss

Kvinnherad kommune
14.12.2023
v/ ordfører og kommunedirektør
Rosendalsvegen 10

Seimsfoss

5470 ROSENDAL

KREFTKOORDINATOR – OPPFØLGING AV POLITISK VEDTAK

I brev til Kvinnherad kommune datert 17.11.2023 stilte vi spørsmål kvifor kreftkoordinatorstillinga ikkje er 100 % slik det er vedteke av kommunestyret. Svaret frå kommunen v/ avdelingsleiar Ingegjerd Meltzer Tufte uroar oss, og vi finn det rett å fylgja opp denne saka.

Det var lyst ut 100 % stilling. I svaret frå Kvinnherad kommune står det: "Kreftkoordinator var tilbydd 100 % stilling, men ynskjer sjølv å jobbe 80 %.»

Vi vil med ein gong presisera at det ikkje er kreftkoordinator vi kritiserer i denne samanheng. Vi ettergår praksis i administrasjonen i Kvinnherad kommune. Skal ikkje arbeidsgjevar sjå til at stillingsstorleik er i samsvar med vedtak og budsjett?

Kvinnherad kommune presiserer at Vurdering og koordinerande eining/VOK har ansvar for den siste 20 % av stillinga. Vi vil be om dokumentasjon frå VOK at 20 % blir nytta i tråd med føremål.

Vi møter kreftramma og pårørande som seier dei har bruk for tett oppfølging av personar med relevant utdanning innan fagfeltet. Det er ikkje utan grunn at dei som er råka konkluderer, og seier til oss: "Dette er ikkje godt nok!" og "De må stå på vidare!" Og det er det vi gjer no!

Politikarar og administrasjon må følgja opp vedtak om 100 % kreftkoordinator.

Med venleg helsing

Bente Haugen

Astri Måkestad